Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

# Årsmelding frå Ørsta idrettsråd, 2025

**Årsmøtet i 2025 vart halde i Ørstahallen den 12. juni.**
**Styret i Ørsta idrettsråd i 2025:**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Erlend Andersen | Ørsta IL |
| Nestleiar | Rita Tryggeseth | Ørsta IL |
| Kasserar | Tone J. Hovdenakk | Ørsta IL |
| Styremedlem | Karoline H. Einang | Sunnmørsk klatreklubb |
| Styremedlem | Unni D. Øye | Åmdal IL |
| 1. vara | Njål Hoftun | Hovdebygda IL |
| 2. vara | Margrete H. Øyehaug | Ørsta ride- og køyreklubb |

**Kontrollutval:**
Gunnar Knutsen, Ørsta IL
Rita Myking, Åmdal IL
Bente Ørsal, vara, ØIL

**Hallstyret:**

| | |
|---|---|
| Patricio Medina | Ørsta IL |
| Sindre Skurtveit | Hovdebygda IL |
| Nina Hustad | Sæbø IL |
| Vara: Børge Osvoll | Ørsta IL |

I hallstyret er det også to politisk valde representantar, pluss dagleg leiar for Ørstahallen.

**Valnemnd:**

| | |
|---|---|
| Arnar G. Holen | Sæbø IL |
| Caroline Rudi | Hovdebygda IL |
| Vara: Øyvind Festø | Sunnmøre klatreklubb |

## Medlemskap

Ørsta idrettsråd har ved årsskiftet 17 (17 i 2024) medlemslag med til saman 3050 (3223) medlemmer. Åmdal IL har ikkje levert samordna rapport innan fristen. Når alle har rapportert, vil medlemstalet vere om lag som året før.
Frå 2025 er det kun dokumenterte medlemskap som tel i idrettsregistreringa. Medlemskapen må vere betalt og verifisert hos NIF. Idrettslaga i kommunen var godt budd på denne endringa; medlemstala er om lag som dei siste åra.

## Lokale aktivitetsmidlar

Ørsta idrettsråd fekk i 2025 kr. 1 172 114 (kr. 1 012 415) til fordeling mellom medlemslaga. Styret gjer fordelinga etter NIF sine føringar og interne føringar frå årsmøtevedtak. Det er svært

viktig at laga gjer god jobb i idrettsregistreringa. Midlane skal gå til klubbar som har aktivitet for born og unge mellom 6 og 19 år.

## Ekstramidlar

Nytt i 2024 var fordeling av ekstramidlar, eller såkalla inkluderingsmidlar. Målgruppa er her den same som for aktivitetsmidlar, og ekstramidlane skal bli brukt til økonomisk støtte til medlemmer med økonomiske utfordringar med deltaking i idretten. Midlane kan bli brukt til treningskontingent, utstyr, stemne m.m.
Idrettsrådet gjorde fordelinga på vegne av idrettsforbundet, og det var kr. 193 619 (kr. 160 389) i potten i 2025.

## Kommunale midlar:

Kommunalt tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg:
2019: kr. 45 000
2020: kr. 40 000
2021: kr. 44 000

Kommunalt kulturtilskot til idretten (frie midlar):
2019: kr. 50 000
2020: kr. 70 000
2021: kr. 40 000
2022: kr. 52 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og frie kulturføremål)
2023: kr. 119 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og frie kulturføremål)
2024: kr. 27 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og frie kulturføremål)
2025: kr. 15 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og frie kulturføremål)

## Aktivitet i 2025

Det var tre styremøte i løpet av året. Det meste av kommunikasjonen i styret skjer via e-post.
Det var eitt medlemsmøte (om aktivitet og planar i samband med fordeling av lokale aktivitetsmidlar).
Det er direkte kommunikasjon med medlemslaga via e-post (difor viktig at kontaktinfo alltid er oppdatert!).
Vi var aktive i rullering av «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet», som vart vedteke juli 2025.
Vi deltok i den årlege møterunden til idrettskretsen, i 2025 arrangert i Ørstahallen.

## Økonomi

Idrettsrådet har god eigenkapital og lite faste driftsutgifter. Av faste utgifter er lisens til heimesida den største.
Overskotet i 2025 vart på kr. 7 514. Eigenkapitalen er på om lag kr. 150 000 utan restmidlane frå idrettsparken (ikkje frie midlar).
Vi ser ikkje behov for å auke inntektene i 2026. Alle idrettslag i kommunen er automatisk med i idrettsrådet, fastsetting av kontingent er fast årsmøtesak.

Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

## Status for idretten i Ørsta

I kommunen er det mange idrettslag og god variasjon i tilbod. Vi skulle gjerne hatt fleire anlegg, og fleire ulike anlegg.
Det er ikkje tvil om at det er meir utfordrande å få frivillige til å ta på seg verv. Frivillige med stort engasjement er heilt avgjerande for utvikling av idretten.
Det er framleis høge ambisjonar i kommunen når det gjeld idrettsanlegg. I handlings-programmet er det ei lang liste med aktuelle tiltak for dei næraste åra.
Det ser ut til at det vil gå lenge til neste kommunale idrettsanlegg. Idrettslaga må då sjå på kva støtte som kan vere mogleg frå næringslivet.
Nye anlegg i 2025: turnhall i sentrum (ombygd lager hos Br. Øyehaug AS), kommunal kunstgrasbane ved Velle skule, og ny innandørs skytebane i R-senteret.

Dei fleste lag driv først og fremst med breiddeidrett, men vi finn også tilbod til dei som vil utvikle seg vidare, både innan lagidrett og individuell idrett.

## Ønskjemål

Ørsta idrettsråd er til for medlemslaga og skal vere bindeledd mellom medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Medlemslaga vert oppmoda til å ta kontakt med idrettsrådet for hjelp og støtte.
Ørsta idrettsråd ønskjer framleis betre rammer for idretten i kommunen.

Ørsta, 21. mai 2026

**Erlend Andersen** **Unni D. Øye** **Karoline H. Einang**

**Tone J. Hovdenakk** **Rita Tryggeseth**